



Notat

Dato: 16.11.2016
Arkivsak: 2016/2011-38
Saksbehandlar: ireolse

Til: Vidar Kloster

Frå: Eigedomsavdelinga

Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02118 - Arna vgs - omb./tilbygg

Rekneskap: 28 121 515,08 Budsjett: 27 700 000,-

Fuv 43/10 - løyving kr 1 000 000,-

Utdrag frå saka:

«Fylkestinget har gjort vedtak om å legge ned Restaurant og matfag ved skolen i frå hausten 2010. Dette frigjer noko areal, samstundes som bygg- og anleggsteknikk i dag held til i ueigna lokale på Storaneset i Arna. Heller ikkje plasseringa i forhold til resten av skulen er gunstig. I tillegg går leigeavtale ut i sommaren 2011. Dersom ein skal samla skulen vil det være behov både for ombygging og for eit tilbygg. I denne omgang rår ein til at det vært løyvd 1,0 million kroner til planlegging og prosjektering. Kostnadsramme og eventuelle ytterlegare løyvingar vert å kome attende til.»

FT 28/10 – løyving kr 5 700 000,-

Utdrag frå saka:

«Økonomi/finansiering:

Prosjektet er kostnadsrekna til 20 mill kr. , fordelt med 15 mill kr. på den nye bygghallen og 5 mill kr. på nødvendig ombygging i eksisterande skule. Det er i sak FUV 43/10 allereie løyvd 1 mill kr. Til planlegging av tiltaket. Prosjektet vil strekke seg over 2 budsjettår, og i denne saka vil ein foreslå ei oppstartsløyving på 5,7 mill kr. for 2010. Dei resterande 13,3 mill kr. vil ein koma attende til i ny sak for 2011. På grunn av bindinga for komande års budsjett medfører det at saka vert lagt fram for fylkestinget for avgjerd.»

Fuv 32/11 – løyving kr 21 000 000,-

Utdrag frå saka:

«Fylkestinget behandla i sak 28/2010 forprosjekt for ny byggehall og ombygging av eksisterande bygning. Ved framlegging av forprosjektet var det gjort eit kostnadsoverslag på totalt 20 million kroner. I same saka vart det også gjeve ei startløyving på 6,7 million kroner.

Det er no innhenta anbod byggehallen, som syner ein klart høgare kostnad enn det som var lagt til grunn då. Samla kostnad for byggehallen er no kostnadsrekna til om lag 23,7 million kroner.

Kostnadane knytt til ombygging av eksisterande kjem i tillegg og er rekna til om lag 4 million kroner. Til tross for at kostnaden er blitt monaleg høgare enn tidlegare lagt til grunn, finn ein likevel å anbefale at prosjektet blir prioritert innanfor løyvinga for 2011, og at det vert løyvd 21 million kroner til prosjektet i 2011.»

Kommentar:

Prosjektet har hatt eit meirforbruk på kr 421 915,- inkl mva. Dette utgjør ca. 1,5% av prosjektkostnadene og skuldast meirkostnader på inventar og utstyr

Bjarte Molvik
Seniorrådjever

Irene Olsen

Vedlegg: Statusrapport